

# Notat

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 22.02.2011  
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Sakshandsamar: Irene Valvik Vågen  
Saka gjeld: **Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF**

**Styresak 028/11 O**

**Styremøte 15.03. 2011**

**Administrerande direktør si orientering pkt 2**

---

## **Kunngjering av val av styremedlemmer valde av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF**

Valstyret blei oppnemnd av styret i Helse Vest RHF i møte den 3. november 2010, og har hatt følgjande samansetting:

Leiar: Aslaug Husa  
Nestleiar: Reidun Mattingsdal  
Medlem: Hilde Christiansen

Valstyret vedtok at valet skulle skje ved postsending, og at valdato var 25. februar 2011. Kunngjering om val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF blei sendt per post til alle medarbeidrarar i samsvar med valforskrifta.

Frist for å komme med krav om forholdstalsval blei sett til 14. januar 2011. Valstyret mottok krav om forholdstalsval innan fristen frå Den norske legeforening, Fagforbundet og Norsk Sykepleiar forbund. Kunngjering om forholdstalsval blei sendt per post til alle medarbeidrarar i samsvar med valforskrifta.

Frist for å komme med valliste var 4. februar 2011. Valstyret mottok ei liste frå Fagforbundet, Den norske legeforening og Norsk Sykepleierforbund.

Lista var i samsvar med forskrifta og var motteken innan fristen. Valstyret vedtok den 21. februar 2011 at valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

*"Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende"*

### **Valresultat:**

1. Lise Karin Strømme, Helse Bergen, jordmor, konserntillitsvald UNIO
2. Aslaug Husa, Helse Stavanger, hjelpepleiar, konserntillitsvald LO
3. Tom Guldhav, Helse Førde, overlege,
4. Reidun Johansen, Helse Stavanger, oversjukepleiar
5. Albert Kruger, Helse Bergen, hjelpepleiar, psykiatrisk divisjon, hovudtillitsvald
6. Anne Margrete Haukås, Helse Fonna, seksjonsleiar, medisinsk klinikk
7. Raymond Kvammen, Helse Førde, psykolog, føretakstillitsvald
8. Rolf Unneland, Helse Bergen, driftsleiar, føretakstillitsvald
9. Arthur Norevik, Helse Førde, psykiatrisk sjukepleiar
10. Arvid Storegjerde, Helse Fonna, spesialhjelpepleiar, klinikktillitsvald

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Dersom eit styremedlem eller vararepresentant sluttar i føretaket, opphører vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeida om prosessen slik som avtala på førehand.

Valresultatet vil bli kunngjort på Helse Vest RHF sine nettsider og per post saman med kunngjering om klagerett.

Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har motteke materiell per e-post.

## **Oppsummering**

### **Styremedlemmer til Helse Vest RHF sitt styre:**

1. Lise Karin Strømme, Helse Bergen, jordmor, konserntillitsvald UNIO
2. Aslaug Husa, Helse Stavanger, hjelpepleiar, konserntillitsvald LO
3. Tom Guldhav, Helse Førde, overlege,
4. Reidun Johansen, Helse Stavanger, oversjukepleiar

### **Varamedlemmer til Helse Vest RHF sitt styre:**

1. Albert Kruger, Helse Stavanger, hjelpepleiar, psykiatrisk divisjon, hovudtillitsvald
2. Anne Margrete Haukås, Helse Fonna, seksjonsleiar, medisinsk klinikk
3. Raymond Kvammen, Helse Førde, psykolog, føretakstillitsvald
4. Rolf Unneland, Helse Bergen, driftsleiar, føretakstillitsvald
5. Arthur Norevik, Helse Førde, psykiatrisk sjukepleiar
6. Arvid Storegjerde, Helse Fonna, spesialhjelpepleiar, klinikktillitsvald

Vedlegg: Protokoll frå valstyret Helse Vest RHF per 21.02.2011